

Kloakkreinseanlegga nokonlunde i rute

03.03.2009



Så langt har arbeidet med Børnes-anlegget kome. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med første byggjesteg for dei to kloakkreinseanlegga i Uskedalen er framleis nokonlunde i rute.

Det er Byggbservice på Sandvoll som har entreprisen med Myklebust i Uskedalen som underentreprenør på graving, utsprenging og attfylling og byggjesteget er berekna til 7,1 millionar kroner.



Så langt har arbeidet med Korsnes-anlegget kome. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Anlegga både på Korsnes og Børnes er plassbygde slamavskillarar i betong. Arbeidet med slamavskillaren på Børnes er kome litt lenger enn den på Korsnes.

Byggjesteg nummer to omfattar pumpestasjonar og overføringsleidningar til Børnes frå dei sentrale delane av Uskedalen og prosjektleiar Ivar Kåre Døssland antar at dette byggjesteget vert utlyst like over påske

Men det er meir omfattande enn det første og difor kan det neppe fullførast i år. Og kva kostnaden blir er førebels uvisst då det ikkje minst avheng av byggjetida.

Det er også eit tredje byggjesteg som kjem seinare og som gjeld overføring av kloakken frå Feet og Eik-området.

Oppå slamavskillarane blir det mindre overbygg for montering av luktreinseanlegg og dette er noko nytt i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen